

DIRDAL SFO



2023/2024

Om skulefritidsordninga

S.F.O. på Dirdal skule er ei kommunal skulefritidsordning som blir driven etter kommunale retningslinjer. I år er det 21 barn som går på SFO og det er tilsett ein leiar og tre miljøarbeidarar.

Opningstider etter behov dette året er:

Morgon: 07:00-08:20

Opningstider ettermiddag dette året er:

- Kvar dag fram til 16.00

Mål og innhald

SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hjå barna, og gje barna omsorg og tilsyn. Dette følgjer av opplæringslova §13-7.

SFO byggjer på fritidspedagogiske metodar og sett fri leik i sentrum. Vi ønskjer å gje barna tryggleik, omsorg og tilsyn. Det blir gjort gjennom leik og moro, både ute og inne.

Vi ønskjer at innhaldet i SFO skal vere utforma slik at barna møter eit allsidig leike- og aktivitetstilbod med mange moglegheiter for nye erfaringar og opplevingar. Vi ønskjer og at barna skal få utvikle grunnleggjande god sosial kompetanse. Mykje av læringa består nettopp i det sosiale samværet med barn i sjølvvalde aktivitetar, ta initiativ og ta ansvar for eiga fritid. SFO skal vere eit sentrum på skulen for leik og utfolding, ein stad der barn og vaksne skal trivast.

Satsingsområder

Gjennom skuleåret vil vi jobbe med:

At kvart barn vert sett, høyrte og verdsett.

At barna lærer og trivst med fysisk aktivitet og leik ved å bruke skulens uteområde og fleirbrukshallen.

Moglegheit for å utvikle god sosial kompetanse gjennom leik, samarbeid, ansvar, empati, reglar og grenser.

Aktivitetstilbod

Vi legg stor vekt på at SFO er barna si fritid og at dei i størst mogleg grad sjølv vel sine aktivitetar. Vi kan bruke hallen tysdagar og fredagar, men er ikkje der kvar veke. Elles kan barna fritt velje mellom teikning, spel, lego, jovo, forming, pusling, ballspel, AL leikar ute, skuleskogen m.m.

Vi har og sesongbaserte aktivitetar i høve med høgtider. I tillegg er det vaksenstyrte aktivitetar tysdagar og fredagar, men dei er valfrie. Vi vil likevel påpeike at det er den spontane og barnestyrt leiken som står i fokus og ikkje organisert aktivitet.

Ansvar og sikkerheit

Vi ønskjer å følgje opp kvart enkelt barn på ein best mogleg måte. Ved fri og fråvær utover avtalt opphald, **treng vi beskjed**. Det må leggest inn merknad på visma skole eller via telefon (sentralbordet). Dersom eleven sjølv seier at han/ho skal tidleg heim eller vere med andre heim, og vi på sfo ikkje har fått beskjed, held vi barnet på SFO som avtalt.

Matordning

Barna **må** ta med matpakke kvar dag dei skal på SFO. Dei er svoltne etter skuledagen. Vi har ikkje mat ståande på SFO som vi kan gje ut dersom dei gløymer mat. Barna kan få ha mat ståande i eigen boks med lokk (som dei sjølv må ha med) i kjøleskapet på SFO (knekkebrød og pålegg). **Føresette er sjølv ansvarlege for å sjekke om det trengs påfyll av mat som står på SFO.** Måltida er kl. 13.45 tysdag, onsdag og fredag og kl. 14.40 måndag, og torsdag.

Feriar og plandagar

Frå skulen sluttar i juni og ut juni, samt frå 1. august og fram til skulestart, har vi eit samarbeid med Oltedal SFO. Det vil seie at dei barna som har behov for SFO får vere på Oltedal desse dagane.

I dei andre feriane gjeld dette: dersom påmelding viser at 8 barn eller fleir har behov for SFO, held vi åpent i haustferien, romjula, vinterferien, påskeferien og på plandagar (bortsett frå to plandagar i året, då er SFO stengt). Påmeldinga til feriar og plandagar er bindande og har eige betalingsattsar. Om det ikkje vert nok påmelde til å halde åpent, kan de få tilbod på andre SFO i kommunen.

SFO er stengt julaften, nyttårsaften og onsdag før skjærtorsdag.

Prisar og satsar

SFO-tilbod for 1. og 2.klasse

Gratis inntil 12 timar	kr. 0,-
Under 15 timar	kr. 570,-
Over 15 timar	kr. 1685,-

SFO-tilbod for 2.-4.klasse

A-tilbod (mindre enn 6 timar)	kr. 1550,- (følgjer skuleruta)
B-tilbod (6-15 timar)	kr. 2860,- (tilbod også i feriar)
C-tilbod (over 15 timar)	kr. 3195,- (tilbod også i feriar)

Kjøpeplass SFO: kr 50,- pr påbegynt time

Dagsplass SFO (feriar) kr 250,-

Hugs

Ha alltid nok skifteklede (truse, sokkar, bukse, genser, t-skjorte)

Klede må merkast med namn og oppbevarast i korga ved klasseromma.

Ha regntøy og støvlar ståande på skulen.

Gje ALLTID beskjed ved fråvær.

Gje ALLTID beskjed til ein tilsett når du hentar barnet ditt.

Gje ALLTID beskjed dersom det er endringar utover det vanlege.

Les gjerne også gjennom vedtektene for SFO som ligg på heimesida til Gjesdal kommune

[Vedtekter SFO](#)

Dagsrytmen på vår SFO

07.00 - SFO åpner dørene.
07.00-08.00 - Frukost for dei som treng det.
08.20 - Skuletid

Kort skuledag

12.10 - 12.15 - Registrering
12.15 - 13.45 - Voksenstyrt aktivitet/frileik inne-ute
13.45 - 14.15 - Måltid
14.30 - Buss heim for dei som skal det (ikkje på tysdagar)
14.30 - 16.00 Frileik inne/ute
16.00 - -SFO stenger dørene

Lang skuledag

14.30 - Registrering
14.40 - Måltid
14.40 - 16.00 - Frileik inne/ute
16.00 - SFO stenger dørene

Måndag og torsdag stater SFO kl **14.30** for alle.

Tysdag og fredag starter SFO kl **12.10** for alle

Onsdag strater SFO **12.10** for **1.kl og 2.kl** og kl **14.30** for **3.kl og 4.kl**.

Det går buss heim onsdag og fredag kl 14.30 dersom nokon vil benytte seg av det.

Vi som jobbar på SFO

Tina Hansen Espeland (SFO leiar)

Kristin Brattekjø (miljøarbeidar)

Lene Frøiland (miljøarbeidar)

Monica Tengedal (miljøarbeidar)

Julie Steinskog (miljøarbeidar)

Dersom det er noko de lurar på, ta kontakt med leiar

tina-es@gjesdalskolen.com

Skulefritidsordninga si adresse:

Dirdal skule

Krovegen 270

4335 Dirdal

dir-adm@gjesdalskolen.com

Tlf: 51614852 (sentralbordet)

Tlf SFO: 475 17 493 (tilgjengeleg i åpningstida til SFO)



Årshjul Dirdal SFO

	Tema	Aktivitet	Aktuelle dagar
August	Bli kjent og inkludering	Bli kjent med nye og "gamle" barn. Me skal bli kjent med inne og uteområde, hallen, rutiner og reglar på SFO.	Fyrste skuledag 17.august
September	Bli kjent og inkludering Haust	Lage bursdagskalender Lage haustbilete Gå tur i nærmiljøet. Aktivitatar i hallen	Hugs påmelding til haustferie og plandag i november med frist 08.09
Oktober	Haust	Me lagar lapskaus. Aktivitatar i hallen Tegne, male, perle	Hausferie veke 41 (9.-13.okt)
November	Haust	Kino og bøker Aktivitatar i hallen Mot slutten av november startar vi juleforberedelsene.	17.november planleggingsdag Hugs påmelding til juleferien med frist 19.11
Desember	Advent og jul	Lage julepynt Bake Aktivitatar i hallen	Siste skuledag før jul er 20.desember
Januar	Vinter	Aking og leik i snø. Aktivitatar i hallen Brettspill	Fyrste skuledag 3.januar. Hugs påmelding til vinterferie med frist 19.januar
Februar	Vinter	Tur med bål og pølser. Aktivitatar i hallen Kino	Vinterferie veke 9 (26.februar- 1.mars) Hugs påmelding til påskeferien

			og plandag i mai med frist 23.februar.
Mars	Vår Påske	Leite etter vårteikn Lage påskepynt Aktivitatar i hallen	Påskeferie veke 13 (25.mars-1.april)
April	Vår	Male vårbilete Tur i nærmiljøet Aktivitatar i hallen	Tysdag 2.april er fyrste skuledag etter påskeferien.
Mai	Vår 17.mai	Lage 17.mai pynt Tur i nærmiljøet Aktivitatar i hallen	Fridager i mai: Onsdag 1.mai torsdag 9.mai fredag 10.mai planleggingsdag fredag 17.mai måndag 20.mai
Juni	Sommer	Leik med vann Tur i nærmiljøet Aktivitatar i hallen	Siste skuledag er 20.juni.